



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Kontakt saksbehandlar

Pawel Sniecikowski, 51 56 87 47

Fristar om skjønstilskot for 2026 og restskjøen for 2025

I dette brevet gjer Statsforvaltaren greie for fristane for å søkje om skjønstilskot for 2026, og fristen for å søkje om restskjøen for 2025. Det er tre fristar som er verdt å notera seg:

- Frist for å sende inn søknad om ordinært skjønstilskot for 2026 er **30. august 2025**.
- Frist for å sende inn søknad om restskjøen/kriseskjøen for 2025 er **30. september 2025**.
- Frist for å sende inn søknad om skjønstilskot til innovasjon og fornying/prosjektskjøen for 2026 er **1. november 2025**.

Ordinært skjønstilskot for 2026

Kommuneproposisjonen for 2026 bestemmer den nasjonale ramma for skjønstilskot. Deretter vil Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) bestemme den fylkesvise fordelinga og gi føringar for bruk og rapportering av skjønstilskot. Skjønstilskotet skal kompensera kommunar for lokale forhold som ikkje blir fanga opp i den faste delen av inntektssystemet, og bidra til fornying og utvikling i kommunesektoren.

Førebels dato for behandling av kommuneproposisjonen for 2026 i Stortinget er 17. juni 2025. Ramma og føringane vil bli kjent for Statsforvalteren i slutten av juni. Meir informasjon vil kome i eit nytt brev frå oss etter at dei nye føringane er gjorde kjent.

Restskjøen/kriseskjøen for 2025

I tråd med føringar frå departementet i 2025 har Statsforvaltaren helde tilbake deler av skjønnsramma til fordeling gjennom året. Desse midlane skal bidra til å ivareta kommunar som opplever uventa og ekstraordinære økonomiske utfordringar gjennom året, inkludert naturskade.

Skjønstilskot til innovasjon og fornying/prosjektskjøen for 2026

Vi vil sende ut eit nytt brev til hausten med meir informasjon om prioriterte område for dette tilskotet. For dette tilskotet sender kommunen inn søknad i ein eige prosjektportal.

Andre søknader om skjønstilskot skal sendast til sfropost@statsforvalteren.no

**Hugs å sende inn årsrekneskap og årsmelding til Statsforvaltaren**

Til dykk som enno ikkje har sendt inn årsrekneskapen og årsmeldinga, saman med saksdokumenta frå det innstillande organet, revisjonsmeldinga, og kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen og årsmeldinga, så skal dette sendast til Statsforvaltaren snarast mogleg, og seinast 30 dagar etter at årsrekneskapen og årsmeldinga er vedtekne i kommunestyret eller bystyret, jf. «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.», § 5-16.

Ta gjerne kontakt ved spørsmål.

Med helsing

Jan Petter Stangeland (e.f.)
ass. avdelingsdirektør

Pawel Sniecikowski
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Adresseliste:

Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Randaberg kommune	Postboks 40	4096	Randaberg
Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen